



Høyringsinstansar etter liste

Høyring - Endring i forskrift om lotteriverksemd om bord på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn

I Innleiing

Lotteritilsynet fekk 4. januar 2017 i oppdrag frå Kulturdepartementet å sende eit forslag på høyring om harmonisering av regelverket for spel på skip. I dag er det reglar for maksmalt innskot og maksimal gevinst som er ulike for transportskip og cruiseskip. Lotteritilsynet føreslår at desse vert gjort like for å harmonisere regelverket.

Samstundes vil Lotteritilsynet føreslå at «tickets» på same linje som myntar og pengesetlar kan nyttast som betalingsmiddel for spel på skip.

Fristen for å levere høyringssvar til forslaget er **12. mai 2017**. Høyringssvar kan leverast til vår e-postadresse postmottak@lottstift.no, eventuelt pr. post til Lotteri- og stiftelsestilsynet, Postboks 800, 6805 Førde. Vi ber om at svaret merkast med vår referanse 16/03356.

II Bakgrunn for forslaget / regelverk

Gjeldande forskrift om lotteriverksemd om bord på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn (heretter kalla forskrifta) blei vedteken 10. desember 2008 og trådte i kraft 1. januar 2009. Color Line er i dag det einaste reiarlaget med lotteriløyver etter forskrifta. Dei har i dag seks skip med lotteriverksemd, i form av gevinstautomatar, rulett og kortspelet Black Jack.

Etter dagens reglar er det ulike maksimalgrensar for innskot og gevinst på transport- og cruiseskip. Av vedlegg til forskrifta, vilkår for gevinstautomatar, punkt 2.5, går det fram at maksimum innskot per speletransaksjon er kr 27. For automatar på cruiseskip kan innskotet vere inntil kr 45, jf. andre ledd. Tilsvarende går det fram av punkt 2.9 at gevinst er avgrensa til maksimalt 1 500 kroner, medan andre ledd gjev moglegheit for gevinst inntil kr 25 000 på cruiseskip.

Reiarlaget ynskjer å harmonisere dagens regelverk, slik at det vil bli like grenser for innskot og gevinst på alle skipa deira. Med dagens regelverk er det i mindre grad moglegheit til å ha standardiserte løysingar på gevinstautomatane på skipa.

Vidare er det ein regel om betalingsmiddel som vert føreslått endra. I dag er det berre mynt og pengesetlar som kan nyttast til betaling for spel om bord på skip, jf. forskrifta § 7 tredje ledd. Lotteritilsynet har i brev av 17. oktober 2016 vurdert at såkalla «tickets» kan likestillast med bruk av kontantar som betalingsmiddel. Tickets er eit betalingsmiddel som spelarane kan kjøpe frå ei eiga maskin i

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Organisasjonsnummer
Lotteri- og stiftelsestilsynet Postboks 800 6805 Førde	Storehagen 1 B 6800 Førde	57 82 80 00 Telefaks 57 82 80 80	982 391 490 E-post postmottak@lottstift.no



speleområdet, som så kan så nyttast til spel på gevinstautomatar og spelebord. I samråd med Kulturdepartementet føreslår vi at betalingsmiddel som er godkjent av Lotteritilsynet blir inkludert på linje med mynt og pengesetlar i forskrifta.

III Nærare om forslaget

Av oppdragsbrevet frå Kulturdepartementet 4. januar 2017 går det fram at høyringsbrevet skal innehalde ei utgreiing av korleis dei sosialpolitiske hensyna bak norsk pengespelpolitikk kan ivaretakast med forslaget, og at forslaget ikkje utfordrar tilhøvet til einerettsmodellen.

Eit av dei berande omsyna bak norsk pengespelpolitikk finn ein i føremålet med forskrifta, spela må utformast på ein måte som ikkje har skadeverknad for spelarane, jf. § 2 siste punktum. Samstundes skal norske reiarlag kunne tilby sine reisande visse lotteri som skiljar seg frå lotteri på land, jf. første punkt.

Lotteritilsynet har vurdert kor vidt endringane vil auke risikoen for at spelarane utviklar problematisk speleåtfærd av desse spela. Dette har vi mellom anna gjort ved hjelp av analyseverktøyet GAM-GaRD.

GAM-GaRD konkluderer med at spela på skip i trafikk mellom norsk og utanlandsk hamn har høg risiko for at sårbare spelarar utviklar problematisk speleåtfærd. Ei auke i maksimal innsats og maksimal gevinst som foreslått gjer at spela får poengsummen 71 på ein skala frå 0 til 100, opp frå 70 basert på dagens regelverk. Det er altså tale om ein liten auke i risikoen for at sårbare spelarar utviklar problematisk speleåtfærd.

Det er fleire reglar i forskrifta som skal ivareta dei sosialpolitiske hensyna bak norsk pengespelpolitikk ved spel på skip. Mellom anna må lotteriverksemnda føregå i eige lokale, jf. § 7 første ledd, første punktum. Vidare kan ikkje reiarlaget tilby spel medan skipa ligg til kai, jf. andre punktum, og aldersgrensa for å delta i spela er 18 år, jf. tredje punktum. I tillegg kan spelarane be reiarlaget om å bli utestengd frå spelelokala, jf. andre ledd.

Det er ikkje registrert henvendingar til Hjelpelinja for speleavhengige som gjeld spel på skip i utanlandstrafikk. Dette inkluderer cruiseskip, der dei føreslåtte reglane har vore i kraft frå 2012.

Når det gjeld forslaget om å likestille tickets med pengesetlar og myntar har dette mellom anna bakgrunn i at det norske samfunnet i dag blir stadig meir kontantlaust. Dersom ein kan nytte tickets på spela vil dette også redusere risikoen for økonomisk kriminalitet om bord ved at det er mindre kontantar i omløp.

Lotteritilsynet kan ikkje sjå at dei føreslåtte endringane utfordrar tilhøvet til einerettsmodellen.

IV Iverksetting

Endringane vert føreslått iverksett frå 1. juli 2017.



V Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget vil kunne føre til mindre utgifter for reiarlag som tilbyr spela forskrifta gjeld for. Utover dette kan ikkje Lotteritilsynet sjå at forslaget vil ha nokon nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar for andre.

VI Forslag til endringar i forskrifta med vedlegg

Med bakgrunn i ovanstående føreslår Lotteritilsynet følgjande endringar i forskrift om lotteriverksemnd om bord på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn, 10. desember 2008 nr. 1531 (endringar i kursiv)

§ 7 tredje ledd skal lyde

«Som betalingsmiddel for spill om bord på skip kan bare mynter, pengesedler *eller tilsvarende betalingsmiddel som Lotteritilsynet har godkjent, benyttes.*»

Tredje ledd i § 9 utgår.

I «Vedlegg. Vilkår for gevinstautomater» vert følgjande endringar føreslått

Punkt 2.5 skal lyde:

«Spillene skal utformes slik at maksimum innskudd per spilltransaksjon er *kr 45.*»

Andre ledd i noverande punkt 2.5 utgår.

Punkt 2.9 skal lyde:

«En gevinst kan maksimalt pålyde *kr 25 000*»

Andre ledd i noverande punkt 2.9 utgår.

Med helsing

Elna Berge
avdelingsdirektør

Simen Romslo
førstekonsulent

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.

Kopi til: Kulturdepartementet, Postboks 8030 DEP, 0030 OSLO